

---

Saksnr: 2021/7642-2  
Saksbehandlar: Eva Moberg

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		28.04.2021

**Høyringsuttale om fusjon av Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane**

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune sluttar seg til fusjonen mellom Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane.

Samandrag

Saka gjeld førespurnad frå Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane om å gje uttale til planlagd fusjon mellom Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

David J Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

1 2021 03 10 Brev til stiftarane i MiSF om fusjon

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I brev datert 10.03.2021 ber Musea i Sogn og Fjordane dei attverande stiftarane av Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane om å kome med uttale om planlagd fusjon mellom Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) vart stifta 14.januar 2009 av Sogn og Fjordane fylkeskommune, Nordfjord folkemuseum v/Nordfjord sogelag, Sunnfjord museum v/Sunnfjord sogelag, Stiftinga De Heibergske Samlinger-Sogn folkemuseum, Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane (SKSF) og Stiftinga Sogn og Fjordane kunstmuseum (SSFKM).

I 2017 fusjonerte MiSF med SSFKM, og SSFKM vart avvikla.

1.september 2018 overdrog Nordfjord Sogelag alle samlingar og bygg ved Nordfjord Folkemuseum til MiSF, og eigarstyret og rådet til Nordfjord folkemuseum la seg sjølve ned frå same dato.

Den 18.juni 2019 gjorde styret i MiSF vedtak om å fusjonere med SKSF. I sitt årsmøte 19.juni 2020 gjorde SKSF tilsvarande vedtak om fusjon med MiSF.

MiSF og SKSF førebur no ein formell prosess med søknad om godkjenning av fusjon hos Stiftingstilsynet. I fusjonen vil MiSF vere overtakande stifting. I samband med dette ber MiSF dei attverande stiftarane om ein formell uttale om sitt syn på fusjonen.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering:

Gje uttale om aktuelle saker og tema innan sitt saksfelt.

Vurderingar og verknader

Då Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane ( MiSF) vart stifta som eit konsolidert museum i 2009, vart eigarane som før konsolidering også var drivarar av dei einskilde musea og arbeidsgjevar for dei tilsette, redusert til berre å vere juridisk eigar av eksisterande bygningar, samlingar og tekniske anlegg, i tillegg til å ha rolla som godkjenner av årsmelding og årsrekneskap, samt oppnemne representant til rådet i MiSF.

Fylkesdirektøren ser at delinga mellom eigarstyrer og driftsstyrer har vore utfordrande for avdelingane under Musea i Sogn og Fjordane og har kravd store interne ressursar. Dette er også den generelle oppfatninga når museumsreforma og tilhøyrande konsolideringsprosessar vert evaluerte, jf Telemarksforsking sin rapport «[Museum og samfunn](#)»:

«I likhet med organisasjonsstrukturen har evalueringene vist at mange museer har strevd med å få til et godt og hensiktsmessig avtaleverk i konsolideringsprosessene. Dette har si sin tur komplisert arbeidet med utvikling av planer og strategier for museene og i noen tilfeller gjort det vanskelig for ansatte å være lojale med den nye institusjonen»

(Sitat: Telemarksforsking 2020: 61).

Som konsolidert museum er det MiSF som mottok driftstilskot frå stat, fylke og kommunar for å forvalte og formidle samlingar, bygg og kulturarv. Fylkesdirektøren meiner ein fusjon der MiSF overtek SKSF sine samlingar, bygg og forpliktingar, vil gje klårare linjer og forenkla og styrke arbeidet med samlingsforvaltninga.

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Tiltaket bidreg til å utvikle gode og framtidsette tenester og er med på å setje retning for utvikling av museumsfeltet i Vestland.

#### Konklusjon

Fylkesdirektøren vurderer det som tenleg at Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane gjennomfører fusjonen med Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane, slik at stiftinga Musea i Sogn og Fjordane overtek Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane sine samlingar, bygg og forpliktingar. Fylkesdirektøren legg også til grunn at styra både i MiSF og SKSF har gjort vedtak om fusjon.